

Saksbehandlar: Kristin Arnestad, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 18/9394-1

Støtte til inkubatorane for 2019 og 2020

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Kunnskapsparken Sogn og Fjordane får eit tilskot til inkubatorprogrammet på 1,3 mill. kr. for 2019 og 1,1 mill. kr. for 2020.
2. Tilskotet til KPSF vert tildelt med heimel i det alminnelege gruppeunnataket, artikkel 27
3. Det vert sett av eit tilskot til inkubatorprogrammet til Aksello på 0,8 mill. kr. i 2019 og 0,7 mill. kr. i 2020. Aksello må sende inn ny kostnads- og finansieringsplan før tilskotet vert tildelt.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele midlar til Aksello i tråd med statsstøtteregulverket og reglar for inkubatorprogrammet
5. Tilskota for 2019 vert dekkja med midlar under tenesteområde 7015 – nyskaping, sett av til kommuneretta næringsutvikling, tiltak innan nyskaping og innovasjonsnettverk, inkludert tilskot til inkubatortilbod. Tilskota for 2020 vert dekkja med restmidlar frå tidlegare år, utviklingsfond næring
6. Det er ein føresetnad at arbeidet blir utført i tråd med SIVA sitt inkubatorprogram

Vedlegg:

Søknad KPSF
Søknad Aksello

Andre relevante dokument i saka:

Regional plan for verdiskaping 2014-2025 – www.verdiskapingsplanen.no
Budsjett 2019/Økonomiplan 2019/2022

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Saka omhandlar tildeling av midlar til dei to inkubatormiljøa i fylket, Aksello og Kunnskapsparken Sogn og Fjordane (KPSF) for 2019 og 2020. KPSF søkjer om til saman 3,1 mill. kr., delt på 1,5 mill. kr. i 2019 og 1,6 mill. kr. i 2020. Aksello søkjer om til saman 3,9 mill. kr., delt på 1,850 mill. kr. i 2019 og 2,05 mill. kr. i 2020.

2. Om saka og historikk

Grunnen for at saka er fremja

Fylkeskommunen har gjennom mange år støtta inkubatorsatsinga i fylket, og det er lagt opp til å halde fram med det i næring og kultur sitt budsjett for 2019. Tidlegare har tilskot til dei to inkubatorane blitt fremja i ulike saker. Vi ynskjer no å sjå dei to søknadane samla. Vi har også bedt inkubatorane søkje om støtte for 2019 og 2020 slik at vi har moglegheit for å vurdere om det er ynskjeleg for å gje eit tilskot utover 2019, for å sikre stabile rammer for miljøa.

Historikk - tidlegare vedtak

Fylkeskommunen har støtta inkubatorane gjennom mange år. Særleg har KPSF, som har vore ein inkubator i SIVA sitt program sidan 2006 fått mykje støtte. Inkubatoraktiviteten var finansiert av INU-FSF i dei åra det var bra med midlar innan den ordninga. Eksempelvis fekk KPSF 3,7 mill. kr. til inkubator i 2013, og 2 500 000 kr. i 2014. Støtta gjekk nok noko vidare enn programmet til SIVA. I 2018 fekk KPSF 1 500 000 kr., tilskotet blei redusert noko etter ein gjennomgang av vilkåra. Aksello fekk 900 000 kr. for åra 2017 og 2018. Aksello søkte fleire gonger om ytterlegare tilskot for 2018. Dette blei avslått, sist i sak 58/18.

Gjennom handsaming i hovudutvalet dei siste åra har det blitt peika på at løyvingane må reduserast noko for å tilpasse seg reduksjon i tilgjengelege rammer etter at INU-ordninga lagt ned, som følgje av at kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgjevaravgift vart avvikla. I sist vedtak stod det; Inkubatoren bør ha høve til å tilpasse seg dei nye finansielle realitetane, ved at tilskotet vert gradvis redusert. Det stod også at ein bør støtte den vidare satsinga på inkubatoraktivitet.

Inkubatorprogrammet i Hordaland

I Hordaland er det tre inkubatorar som fekk følgjande tilskot frå Hordaland fylkeskommune i 2018:

- Nyskapingsparken BTO: 700 000 kr. (5 000 000 kr. frå SIVA)
- Atheno: 600 000 kr. (2 000 000 kr. frå SIVA)
- Industrietvikling Vest: 600 000 kr. (1 500 000 kr. frå SIVA)

Mediekuben, ein inkubator for mediebransjen, organisert under BTO får 400 000 kr. årleg frå og med 2018 og i tre år. Dei har ikkje formell status, men Nykskapingsparken BTO har fått ekstra støtte frå SIVA på grunn av denne bransjeutvidinga.

Støttenivået frå fylkeskommunen har blitt redusert siste åra som følgje av auka støtte frå SIVA. Støtte til inkubatorane inngår i den fylkeskommunale partnerskapsordninga for Hordaland, og inkubatorane har ein avtale om støtte for åra 2018 til 2022, det er tatt nokre atterhald om årlege budsjettvedtak.

3. Rammer og andre føresetnader for saka

3.1 SIVA sitt inkubatorprogram

Om programmet

Inkubasjonsprogrammet skal utvikle framtidens næringsliv gjennom å identifisere, vidareutvikle og kommersialisere gode idear til nye bedrifter, og gje ny vekst i etablert næringsliv. Hovudmålet er auka nasjonal verdiskaping. Noverande inkubasjonsprogram går frå 2012-2022.

«En inkubator er et innovasjonsselskap som skal bidra til utvikling og etablering av nye vekstbedrifter og skape vekst i etablert næringsliv.»

Ein ny rapport (2018) frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) viser at bedriftene som er tilknytta ein inkubator eller næringshage har betre økonomisk utvikling enn foretak ein kan samanlikne seg med i ei kontrollgruppe.

Siva bidrar gjennom inkubasjonsprogrammet med tilskot, kompetanse og nettverk. Inkubasjonsprogrammet er finansiert av Nærings- og fiskeridepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Retningslinjer for tildeling av tilskot – støttenivå

I juni 2018 kom SIVA med reviderte tilskotsmodellar for næringshage- og inkubatorprogrammet. Den samla finansieringa av programma auka også. Modellen skal forsterke dei inkubatorane med størst unytta potensiale, og gje høve til å justere ned eller avslutte programaktiviteten hjå dei som leverar dårlegare enn venta.

Alle inkubatorane blei vurdert og for Sogn og Fjordane førte den nye modellen med at KPSF fekk eit auka tilskot, medan Aksello har det same tilskotet som tidlegare.

Fylke	Inkubator	Dagens tilskudd	Nytt tilskudd
Sogn og Fjordane	Aksello AS	1 500 000	1 500 000
	Kunnskapsparke i Sogn og Fjordane AS	2 000 000	3 000 000

Det er fem nivå i tilskotsmodellen; 1 500 000 kr., 2 000 000 kr., 3 000 000 kr., 4 000 000 kr. og 5 000 000 kr.

Regelverk

Tilskot gitt av SIVA er å rekne som statsstøtte etter norsk lovgjeving. Frå 2015 blir tilskot til SIVA sin programaktivitet tildelt med heimel i EU si grunnunntaksforordning. Det er høve til å nytte to ulike gruppeunntak:

Artikkel 27 (innovasjonsklynger)

Det er ein slags samlepost med administrasjon, marknadsføring av inkubatortilbodet, felleskostnader m.m. Her er maksimal støtteintensitet 50% (maks offentleg støtte). Inkubatoren må vise til 50% eigenfinansiering i form av eigne timar eller kapital frå private aktørar.

Artikkel 28 (innovasjonsstøtte til SMB)

Dette er innovasjonsstøtte som i sin heilskap skal kome målbedriftene til gode. Ulike driftskostnader i inkubatorselskapet kan ikkje støttast her. Støtteintensitet (max offentleg støtte) er 75%, bortsett frå for pre-inkubasjon der ein kan gje 100% støtte. Her er det målbedriftene som må stille med eigendel, ikkje inkubatorselskapet.

SIVA har reglar for eigne tilskot: maksimalt 20% av tilskot gjennom artikkel 28 skal gå til pre-inkubasjon. Fylkeskommunen står fritt.

I eigen rettleiar for statsstøtte gitt av SIVA vert kriterium og krav for tildeling gått gjennom. Vi tildeler støtte i tråd med denne rettleiaren, og SIVA sitt program.

3.2 Regional plan for verdiskaping

Inkubatorprogrammet er ein del av satsinga på at Sogn og Fjordane må få ein større del av arbeidsplassar innan kunnskapsintensive tenesteytande næringar.

3.3 Budsjett for 2019

I næring og kultur sitt budsjett for 2019 er det sett av 8,372 mill. kr til kommuneretta næringsutvikling, tiltak innan nyskaping og innovasjonsnettverk, i dette ligg også tilskot til inkubatortilbod.

4. Søknad frå dei to inkubatorane

4.1 Søknad frå Kunnskapsparke Sogn og Fjordane

Om Kunnskapsparke i Sogn og Fjordane

Kunnskapsparke i Sogn og Fjordane (Kunnskapsparke) er eit innovasjonsselskap som arbeidar for å fremme vekst og utvikling i fylket. Kunnskapsparke er eigd av Fjord Invest Såkorn AS (35,8%), Sogn og Fjordane Fylkeskommune (38,2%), SIVA (15,3%), Sogndal kommune (7,6%) og Stryn Næringshage (0,7%). Både Sparebanken Sogn og Fjordane (1,6%) og Helse Førde (0,8%) har gått inn på eigarsida. Dei har kjøpt andelar hjå Fjord Invest.

KPSF sitt inkubatorprogram

Kunnskapsparke har vore operatør for SIVAs inkubasjonsprogram sidan 2006. KPSF har ny Siva-avtale fram til 2022.

Inkubatoren tilbyr følgjande tenester til inkubasjonsbedriftene:

- Rådgiving og oppfølging (innovative nyskapingar)
- Hjelp til søknader, forhandlingar og avtalar
- Finansieringsrådgiving
- Assistanse til å kontakte investeringsmiljøa
- Finansiering gjennom eige fond (Sogn og Fjordane Fondet)
- Fagleg støtte til organisering og leiing
- Kvalitetssikring av prosjekt
- Kontor og fellestenester i eit inkluderande og utviklingsorientert miljø
- Hjelp til å knytte kontakt med dei rette kompetansemiljøa
- Strategiske vurderingar og strategi for opphavsrettar; IPR, vekststrategi, internasjonalisering med meir.

Når det gjeld ny finansieringsmodell frå SIVA seier KPSF mellom anna at:

Kunnskapsparken har synt særskild god utvikling og måloppnåing dei siste åra. Ei nasjonal evaluering av alle dei 75 operatørane innanfor næringshage- og inkubasjonsprogrammet resulterte i at Kunnskapsparken klatra i tilskotsmodellen til SIVA og dermed får auka tilskot som skal nyttast mot nyskapande oppstartsbedrifter og prosjekt i etablert næringsliv.

Når Siva løftar opp Kunnskapsparken i sin tilskotsmodell er det ein anerkjenning av vårt arbeid og eit bevis for at Siva er fornøgd med tanke på vår utvikling, aktivitetar og leveransar.

Prosjekt mål

Hovudmålet er å gje auka nasjonal verdiskaping gjennom effektivt å identifisere, vidareutvikle og kommersialisere gode idear til nye vekstbedrifter, og gi ny vekst i etablerte verksemdar.

Inkubatoren skal ha fokus på nyetablering, nyskaping og utvikling av eksisterande næringsliv. Det er avgjerande for inkubatoren at den har tett og forpliktande kopling til relevant næringsliv og FoU-miljø. Etablering av sterke regionale idéfangstnettverk, skal gjennom samspel og komplementaritet, bidra til å gi god effekt i form av større idetilfang og betre oppfølging av kvar einskild ide.

Prosjektorganisering

Inkubatoren er organisert som ei avdeling i Kunnskapsparken med ein inkubatorleiar. Det vert ført eige avdelingsrekneskap. Totalt er 5 årsverk direkte knytt til inkubasjon. I tillegg vert det nytta eksterne rådgjevarar (erfarne bedriftsleiarar og gründerar) som bistår inkubatorbedriftene og rapporterer til Kunnskapsparken. Dei eksterne rådgjevarane bidreg med komplementær kompetanse. To av dei tilsette i inkubatoren har gjennomført NTNU vidareutdanning innan Inkubasjonsleiing.

Samarbeidspartar

På fylkesnivå har Aksello og Kunnskapsparken ein skriftlig samarbeidsavtale frå 2017 som sørgjer for eit felles inkubatorstilbod i fylket.

Dei lokale næringsseksjonar/næringskontora/næringshagane er alle samarbeidspartar. Vidare samarbeider KPSF også tett med mellom anna Høgskulen på Vestlandet, Helse Førde, Connect Vest, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Innovasjon Norge, Fjord Invest, VIS (Bergen Teknologioverføring). Gjennom samarbeidsavtalane med Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Helse Førde (HF), er inkubatoren eit viktig verkemiddel for vidareutvikling og kommersialisering av resultat frå studentar, forskarar og andre tilsette.

Kunnskapsparken er medlem av InBIA (International Business Innovation Association).

Kunnskapsparken er også medlem av Inunet Vestland - eit innovasjonsnettverk beståande av innovasjonsmiljø i Hordaland og Sogn og Fjordane. Kunnskapsparken har ei aktiv rolle i nettverket og er medlem i prosjektstyret.

Kunnskapsparken samarbeider også med andre SIVA-inkubatorar og kommersialiseringseiningar (TTO) nasjonalt, som til dømes VIS (tidlegare Bergen Teknologioverføring (BTO)).

Kunnskapsparken er Connect Vest sin node i Sogn og Fjordane. Lokalt/regionalt er Kunnskapsparken, av næringshagane – Nordfjordeid, Stryn og Sognefjorden, peika på som koordinator for ein samla innovasjonsstruktur i regionen, gjennom ei signert partnerskapsavtale.

Aktiviteter

Hovudaktiviteten er inkubasjon og drift av inkubatortenester i Sogn og Fjordane, her under

- Oppfølging og rådgiving til gründerar
- Kontorplass i inspirerende arbeidsfellesskap
- Workshops, kurs og samlingar
- Nettverksbygging
- Betre kapitaltilgong
- Mobilisering og screening

Kunnskapsparken har kontorplass FUS (Sogndal), Peak Sunnfjord (Førde) og Stryn TechHub (Stryn). I løpet av 2019 har KPSF som mål å også etablere ei node hjå Sitep AS (Årdal). Å vere tilstades på desse lokasjonane er i tråd med KPSF mål om å bidra til å utvikle gode innovasjonsmiljø i heile fylket.

Målgrupper

Primære målgruppe er gründerar med nyskapande produkt/teneste, eller etablerte bedrifter med klart definert utviklingsprosjekt. Sekundære målgrupper er 1. linjetenesta og næringsapparatet i kommunane. Kunnskapsparken tilbyr også inkubatortenesta til samarbeidspartar, som til dømes Høgskulen på Vestlandet og Helse Førde. Målgruppene blir invitert til aktivitetane i inkubatortenesta.

Resultat

2018 var eit år med svært høg aktivitet, og KPSF skriv at dei har nådd dei fleste av måla med god margin. I 2019 aukar målsetnader og ambisjonsnivå til fylgjande;

- * Antall idear vurdert i løpet av 2019: 120 (oppjustert frå 2018 (110)).
- * Antall idear vurdert i løpet av 2020: 130 (oppjustert frå 2019 (120)).
- * Antall nyetablerte bedrifter i løpet av 2019: 10 (oppjustert frå 2018 (8))
- * Antall nyetablerte bedrifter i løpet av 2020: 12 (oppjustert frå 2019 (10))
- * Antall nye bedriftsopptak (nye og eksist. bedrifter) i 2019: 23 (oppjustert frå 2018 (18))
- * Antall nye bedriftsopptak (nye og eksist. bedrifter) i 2020: 25 (oppjustert frå 2019 (23))
- * Totalt antall bedr. i preinkubasjon og inkubatorbedr. i 2019: 41 (oppjustert frå 2018 (36))
- * Totalt antall bedr. i preinkubasjon og inkubatorbedr. i 2020: 43 (oppjustert frå 2018 (41))
- * Egenkapital tilført inkubatorbedriftene 2019: NOK 2.000.000
- * Egenkapital tilført inkubatorbedriftene 2020: NOK 2.000.000

Ein legg opp til ein auke i måltal både i 2019 og 2020. Har også mål om å kople fleire inkubatorbedrifter med investornettverk til blant anna Connect Vest.

Kostnads- og finansieringsplan

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Adm (personalkost, internmøte, rapportering, etc)	700 000	700 000				1 400 000
Idevurderingar	490 000	500 000				990 000
Innovasjonsrådgivning til målbedrifter	1 600 000	1 680 000				3 280 000
Innovasjonsstøtteteneste til målbedrifter	800 000	840 000				1 640 000
Kompetanseheving	300 000	300 000				600 000
Kontorfasilitetar- Inkubatorpersonale, felles fasi	260 000	260 000				520 000
Nettverksaktivitetar (deltaking på messer, mobilis)	400 000	400 000				800 000
Oppfølging av idéfangstnettverk	400 000	420 000				820 000
Profesjonelle støttetenester	500 000	550 000				1 050 000
Reiser til oppfølging	550 000	550 000				1 100 000
Workshop, kurs og samlingar	600 000	600 000				1 200 000
Sum kostnad	6 600 000	6 800 000				13 400 000

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Eigenandel inkubatorbedriftene (målbedrifter)	450 000	500 000				950 000
Kunnskapsparken egne midlar (kr og timar)	1 650 000	1 700 000				3 350 000
SIVA Innovasjonsstøtte til SMB, art 28	2 400 000	2 400 000				4 800 000
SIVA Støtte til innovasjonsklynger, art. 27	600 000	600 000				1 200 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	1 500 000	1 600 000				3 100 000
Sum finansiering	6 600 000	6 800 000				13 400 000

4.2 Søknad frå AkselloOm Aksello

Aksello AS er eit lokalt forankra næringsutviklingselskap med hovudmerksemd på verdiskaping i Sogn og Fjordane. Selskapet vart etablert i 2010 og er eigd av det offentlege (Siva og Flora kommune) med 23 prosent og private aktørar (Westcon, Saga Fjordbase, Equinor, Neptune Energy, Flora Industri- og næringsforening, Sparebanken Vest og Sparebanken Sogn og Fjordane) med dei øvrige 77 prosent. Det er seks tilsette i Aksello.

Inkubatoren til Aksello

Aksello var industriinkubator gjennom Siva sitt nasjonale inkubatorprogram i perioden 2011-16. Frå 2017 har Aksello ny Siva-avtale fram til 2022. Aksello har per no 20 verksemder i inkubasjon eller pre-inkubasjon, innan havbruk, petroleum og maritim industri.

Gjennom inkubatoren får grunderar og andre innovasjonsprosjekt tilgang til rådgjeving, kontorfasilitetar, kompetanseheving, nettverk og anna.

Aktivitetane omfattar idefangst og -vurderingar, rådgjeving, kompetanseheving, nettverksaktivitetar, investormøte, tett samarbeid med Kunnskapsparken Sogn og Fjordane (felles inkubatorstilbod i fylket), marknadsføring av tilbodet, støttetjenester og administrasjon.

Aksello har hatt ein stor vekst i inkubatorbedrifter, frå 5 i 2014 til 22 i 2017 og 20 i 2018.

Når det gjeld ny finansieringsmodell frå SIVA seier Aksello at *innovasjonskrafta i fylket er god for tida, så antal inkubatorbedrifter har auka monaleg. Finansieringa frå Siva har derimot ikkje auka, så for å stette behova er det naudsynt med auka finansiering frå andre kjelder.*

Prosjekt mål

Målsettinga er å få inn minimum 6 nye verksemder i inkubasjon kvart år framover, og at det skal vere minimum 3 vellukka «exits» kvart år. Kor mange arbeidsplassar det kan være snakk om, vil variere sterkt. Eitt døme er inkubatorverksemda Nekst AS, som planlegg meir enn 100 nye arbeidsplassar i Solund, Askvoll og Flora.

Prosjektorganisering

Under dagleg leiar er inkubatorverksemda det største forretningsområdet for Aksello, med ein inkubatorleiar, eitt årsverk med forretningsutviklar samt noko medvirkning frå dei øvrige tilsette. I tillegg nyttar Aksello sitt eksterne rådgjevarkorps, som bistår inkubatorverksemdene og rapporterer til inkubatorleiar.

Samarbeidspartar

På fylkesnivå har Aksello og Kunnskapsparken ein skriftlig samarbeidsavtale frå 2017 som sørgjer for eit felles inkubatorstilbod i fylket.

Med den nye regioninndelinga tek Aksello sikte på enda sterkare samarbeid med aktørar i dagens Hordaland, spesielt inkubatoren VIS i Bergen, som frå 2018 også er representert i Aksello sitt styre.

For idefangst har Aksello eit spesielt godt samarbeid med Maritim Forening Sogn og Fjordane og førstelinetenesta i dei ulike kommunane, særleg langs kysten.

Inkubatorbedriftene vert som oftast rettleia også til andre finansielle partnera som Forskingsrådet og Innovasjon Norge, som det er tett samarbeid med.

Høgskulen på Vestlandet jobbar Aksello tett med, spesielt innanfor dei hav-relaterte faga. Dei industrielle eigarar til Aksello tek aktivt del i utvelgning og utvikling av inkubatorverksemdene.

Aktivitetar

Art. 27 (driftsstøtte) omfattar personal- og administrasjonskostnader knytta til marknadsføring av tilbodet; idefangst og -vurderingar; arrangere nettverksaktivitetar, opplæringsprogram og samlingar; arrangering av investormøte; deltaking på Siva-samlingar, Inunet-samlingar og andre; koordinere erfaringsdeling mellom verksemdene; koordinering med Kunnskapsparken Sogn og Fjordane; koordinere rådgjevarar; eigen kompetanseheving; rapportering til Siva og andre; samt å drifte eit innovativt miljø med infrastruktur, støttetjenester og administrasjon.

Art. 28 (innovasjonsstøtte til SMB"ar) omfattar rådgjeving innan forretningsutvikling, organisasjonsutvikling, immaterielle rettigheter og anna; støttetjenester som kontorlokale, databankar, bibliotek, marknadsundersøkingar, laboratoriebruk, prototype-bygging, sertifisering, mellombels innleie av høgt kvalifisert forskings- og utviklingspersonale samt andre tenester knytta til innovasjon.

Målgrupper

Målgruppene for inkubatorstilbodet er innovative verksemder i heile Sogn og Fjordane, anten det er grunderverksemdar som startar opp eller knoppskyting og forretningsmessig innovasjon frå etablert næringsliv.

Tilbodet er ope for alle bransjar, men Aksello har eit spesielt godt nettverk og kompetanse innan havnæringane marin, maritim og petroleum.

Resultat

Resultatmålet er at 6 nye verksemder blir tatt opp i inkubatoren kvart år, og at 3 av desse får ein vellukka "exit". Del av det å vere ein vellukka exit er at produktet/tenesten finn sin marknad, og difor at verksemda vil ha behov for (fleire) tilsette.

Ei sekundær målsetting er at inkubatorstilbodet drivast på ein slik måte at tilbodet er attraktivt for alle som ynskjer å drive innovativ verksemd i Sogn og Fjordane.

Aksello hadde i 2017 eit rekordhøgt tal inkubatorverksemdar, med 22 stykk i inkubasjon eller pre-inkubasjon. I 2018 låg talet om lag på same nivå, med 20 verksemdar. Det var to vellukka exits i 2018.

Aksello sin inkubator skal dekke heile fylket, og i 2018 hadde dei verksemdar i inkubasjon frå Flora, Askvoll, Hyllestad, Gulen, Høyanger og Bremanger.

Om lag 2,1 årsverk i Aksello blei nytta til inkubatoren i 2018.

Kostnads- og finansieringsplan

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
27:Adm., planlegging, rapportering	600 000	600 000				1 200 000
27:Kontorfasilitetar og anna infrastruktur	400 000	500 000				900 000
27:Marknadsføring, idefangst	900 000	900 000				1 800 000
27:Nettverksaktivitetar, samlingar, kurs	600 000	700 000				1 300 000
28:Innovasjonsrådgjeving til målbedriftene	1 300 000	1 400 000				2 700 000
28:Kontorfasilitetar til målbedriftene	200 000	200 000				400 000
28:Støttetenester til målbedriftene	800 000	800 000				1 600 000
Sum kostnad	4 800 000	5 100 000				9 900 000

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
27/8Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	1 850 000	2 050 000				3 900 000
27:Aksello sine eigarar	350 000	450 000				800 000
27:Siva, støtte til innovasjonsklynger	300 000	300 000				600 000
27:Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane	600 000	600 000				1 200 000
28:Eigenandel inkubatorverksemdene	500 000	500 000				1 000 000
28:Siva, innovasjonsstøtte til SMB	1 200 000	1 200 000				2 400 000
Sum finansiering	4 800 000	5 100 000				9 900 000

5. Vurderingar og konsekvensar

5.1 Overordna vurdering

Fylkeskommunen har støtta inkubatorane gjennom mange år. Inkubatorprogrammet er også eit av verkemidla for at Sogn og Fjordane skal få ein større del av arbeidsplassar innan kunnskapsintensive tenesteytande næringar. Det er sett av midlar til inkubatorsatsing i næring og kultur sitt budsjett for 2019, men ikkje spesifisert ein konkret sum.

Inkubatorane er viktige aktørar i vår innovasjonsstruktur, og fylkesdirektøren meiner det er naturleg å støtte inkubatorane i heile den programperioden ein er inne i no (fram til 2022), dersom det er økonomiske moglegheiter for det. I ein situasjon som er meir uavklart enn vanleg med tanke på budsjett for neste år, jamfør fylkessamanslåing, så rår fylkesdirektøren til å sikre stabilitet og ro for desse sentrale miljø ved å gje eit tilskot også for 2020.

5.2 Utmåling av tilskot

Fylkesdirektøren rår til å gje eit tilskot til begge inkubatormiljøa for 2019 og 2020 i tråd med vurderingane ovanfor. Når det kjem til utmåling av storleiken på tilskota tek vi utgangspunkt i tidlegare løyvingar, signal som er gitt tidlegare, resultat og aktivitet, og SIVA sin tilskotsmodell. Då SIVA i 2018 reviderte tilskotsmodellen for inkubatorprogrammet fekk KPSF auka sitt tilskot frå SIVA frå 2 000 000 kr., til 3 000 000 kr., medan Aksello har det same tilskotet som tidlegare, på 1 500 000 kr.

KPSF peikar på at auken i tilskot til dei er komen fordi dei har synt særskild god utvikling, og måloppnåing dei siste åra. Aksello meiner at innovasjonskrafta i fylket er god, og tal målbedrifter aukar. Sidan finansieringa frå SIVA ikkje har auka, så er det trong for auka finansiering frå andre.

Når SIVA vurderer plassering av inkubatorane i tilskotsmodellen er det basert på ei evaluering der det mellom anna blir sett på måloppnåing, aktivitetar og omfang, verdiskaping i bedriftene og historisk utvikling. Vi ser det difor ikkje som naturleg å «jamne ut» denne vurderinga, og legg opp til at KPSF framleis får ei noko høgare løyving enn Aksello. KPSF har også ein breiare fylkesprofil og større aktivitet i heile fylket. Samstundes aukar vi tilskotet til Aksello noko, men vi ser det ikkje mogleg å kome i møte summane det er lagt opp til i søknaden.

Det har blitt signalisert at KPSF gradvis må tilpasse seg nye finansielle realitetar, ved at tilskotet blir gradvis redusert.

Vi legg opp til at KPSF får 1,3 mill. kr. i 2019 og 1,1 mil. kr. i 2020. Vi legg opp til at Aksello får 0,8 mill. kr i 2019 og 0,7 mill. kr. i 2020.

5.3 Regelverk

Tilskot til inkubatorprogrammet må bli gitt med heimel i artikkel 27 eller 28 i det alminnelege gruppeunnataket.

KPSF har berre søkt om støtte etter artikkel 27, og er innanfor maksimal støtteintensitet. Tilskotet til KPSF blir difor gitt med heimel i artikkel 27. Aksello har søkt om støtte både etter artikkel 27 og 28. Det er lagt opp til at tilskotet blir redusert i høve summen det er søkt om. Vi legg opp til at Aksello sender inn ny kostnad og finansieringsplan i tråd med avsett sum, og så får fylkesdirektøren fullmakt til å fordele tilskotet mellom artikkel 27 og artikkel 28. Vi kunne også tenkt oss å diskutere med SIVA oppsettet på eigendeler innan artikkel 28, samt at vi må sjå på at tilskotet er innanfor den tillatne støtteintensiteten for artikkel 27.

6. Konklusjon

Vi rår til å tildele støtte både for 2019 og 2020 for å sikre stabile rammeføresetnader for inkubatorane. Vi rår til at KPSF får 1,3 mill. kr. i 2019 og 1,1 mil. kr. i 2020, og at Aksello får 0,8 mill. kr i 2019 og 0,7 mill. kr. i 2020.

Tilskotet til Aksello kan tildelast no som støtte etter gruppeunnataket artikkel 27. Aksello må sende inn ny kostnads- og finansieringsplan. Fylkesdirektøren får fullmakt til å følgje opp og tildele midlar under føresetnad at tildelinga er i tråd med statsstøtteregelverket.